

To vekers adrenalinrus

Kristine Sele

Endeleg er dei på plass i Moster Amfi. –Herleg å vere i gang, strålar regissør Birgit Amalie Nilsen

Ho reknar med at tida fram til «Les Misérables»-premiere 8. august vert eit einaste langt adrealinkick. Rundt hundre aktørar skal på plass, frå fyrstereis skodespelarar på sju til røynde folk som Helge Jordal.

-Det er inspirerande å sjå at alt no er på plass. Fantastiske kulisser, kostymer og rekvisiter. Spør du om eg har alt under kontroll, er svaret ja. Om eg har nerver? Også då er svaret ja, seier ho, som på føremiddagen øver med dei profesjonelle skodespelarane.

Frå fire-tida om ettermiddagen kjem dei strøymande, alle dei andre, og øver til langt på kveld. Koristar, soldatar, horer, lommetjuvar. Det er eit utruleg persongalleri i «Les Miserables», som vert sett opp i fu11 sceneversjon for andre gong i Noreg.

Fyrste gong var på Det norske Teater i 1988. Dessutan er det tru1eg fyrste gong historia om dei elendige vert spela i friluft.

Drømmerollar

Britt Synnøve Johansen har ei av dei kvinnelege hovudrollane. -Eg gler meg veldig, «Les Miserables» er jo den flottaste musikalen som finst. Har aldri vore i Moster Amfi før og er imponert over det eg ser her. - Eponine er ei drømmerolle for meg, og er eg kjempeglad og stolt over å bli spurd, seier ho.

Britt Synnøve har hatt virus på stemmebanda og måtte la songen kvile i tre månader. -Men no er eg heilt frisk, heldigvis, forsikrar ho.

Ståle Ytterli spelar rolla som politimannen Javert. 41-åringen er den einaste i ensemblet som har spela Les Miserables tidlegare, i Oslo i 1988. Då var han korist og understudy for alle birollane. -Eg har venta på at musikalen skulle bli sett opp att og er kjempenøgd med å få denne store rolla. Ei utruleg stor utfordring, seier han.

Fire framsyngar utselde

Produksjonsleiar Kjell Arne Røksund i Bømlø Musikal Laug er eit einaste stort smil. Godt over 4000 billetter er selde.

- Det betyr at fire av dei åtte forestillingane er selde. Ingen av forestillingane er utselde enno, men det er størst sal til dei to helgane, seier han og tar oss med på ei omvisning i hovudkvarteret Vallhall.

Kostymedesigner Janne Robberstad har rundt 200 kostymer hengande klar. No er ho i full gang med å prøve korsett på korist Liv Ulvik. Ho er Oslo-jente, bur i Bergen og brukar sommarferien sin på Les Miserables i Moster Amfi.

-Amfiet er veldig flott og scenografien ser fin ut. Eg trur dette vert kjempebra, smiler ho.

-Mangehar jobba mykje for dette, t.d. har kulissegjengen på ti arbeidd sidan nyttår. Men så er resultatet godt også, smiler Kjell Arne Røksund.